



Ulsteinvik

Eit edderkoppnett med stiar går ut frå Bugarden, du kan velje mellom plankegang til Skeide, trimpost på Nibben, sitje på den grøne benken på Skeidshornet, ein rask utsiktstur til Osberget eller vandre i timevis i snaufjell mot Skolma, heilt nord på øya. Dei trivelegaste stiane går langs åsryggane, dei fleste merka med raudmåla stolpar. Over Gamleeidet er ein flott turveg med lys.

1.16 Bugarden - Mosvarden

Den høge slanke varden over Mosvatnet er eit sentralt turmål både frå Hareid og Ulsteinvik.

Ruta er lett og stien god. Den går **5 km** litt opp og ned frå **80 - 550 m**. Du treng mindre enn **2 t** opp, returen kan gå om Lågskjervene eller Lisjevatnet.

Parker ved Osnesbrunene like nord for Osbergvegen. Følg den breie stien som svingar til høgre etter 50 m, og på god sti langs ein gammal vassveg. Stien vender bratt opp forbi skoggrensa, deretter får du utsiktswandring i snaufjell 2 km til du kjem inn på stien frå Gamleeidet. Ein liten nedoverbakke før siste jamne oppstigning til Mosvarden. Her ser du hav og fjordar, og mengder med øyar og tindar i ulike retningar.

Osberget er den ideelle solnedgangsrusleturen. Du går gjennom tett og særmerkt furuskog, men finn to storslagne utsiktspunkt på rundturen. Også frå Skeide går godt merka stiar til Osberget.

Ulsteindalen er eit fint startpunkt mot *Lisjevatnet*, 30 min på grusveg opp til demninga. Derifrå finn du stiar i flatt terreng. Litt vått er det på stien rundt *Lisjevatnet*, ein halvtimes rundtur.

Strandabøen - Hasundhornet. Frå rv 61 kan du følgje ein tilgrodd skogsveg, og sti vidare opp skogen mot Alvehaugen. Vidare går du flatt austover til bakken der stien krokar seg opp til ein telelink, og vidare til Hasundhornet. Denne ruta kan også starte frå sjukeheimen og krysse rv 61 til skogsvegen mot Alvehaugen.

Til venstre: Ulsteinvik 1. juli 2010.